

Tida vil ta deg dit

Tekst: Lars Mæhle 2020

Melodi: Beate S. Lech 2020

Vers Bbm Ab/C Db Eb



1. Her er ein song til deg som ven - tar
2. Her er eit ord til deg som leng - tar
3. Her er eit vink til deg som stun - dar

4 Fm7 Ab/C Bbm Ab/C Db



på heilt ny - e ti - der, på sol - grø - ne li - er, på å
til fin - kor - na stren - der, til hal - ding i hen - der, til å
til sprud - lan - de fes - tar, til ei tid u - tan tes - tar,

7 Bbm Db 1. Eb 2.3. Eb Fm7 Ab/C Eb



mø - te din be - ste ven..
pus - te i fri - dom i - gjen i - gjen, i - gjen, i - gjen.
til å gi mor - mor ein klem, ein klem, ein klem, ein klem.

Ref. Bbm Ab/C Db Db Eb Fm7 Ab/C



Den ti - da vil ko - me. Du må ven - te, men vit at ti - da vil ta deg dit. —

15 Bbm Ab/C Db Db Eb Fm7



Den ti - da vil ko - me. Du må leng - te, men vit at ti - da vil ta deg dit. — Fine

Bru Bbm Ab/C Db Bbm Ab/C Db



For ein dag du vak - nar, er ver - da i - gjen vår og du har ven - ta og vo - re så flink.

Bbm Ab/C Db



Ein dag kan du gøy - me bort alt du no får, ein song -

Bbm Db Eb Fm7 Ab/C Eb



— og eit ord og eit vink. — Den ti - da vil ko - me. Til ref.

Tida vil ta deg dit

Tekst: Lars Mæhle, 2020

Melodi: Beate S. Lech, 2020

1. vers

Her er ein song til deg som ventar
på heilt nye tider
på solgrøne lier
på å møte din beste ven

2. vers

Her er eit ord til deg som lengtar
til finkorna strender
til halding i hender
til å puste i fridom igjen

Refreng

Den tida vil kome
Du må vente, men vit
at tida vil ta deg dit
Den tida vil kome
Du må lengte, men vit
at tida vil ta deg dit

3. vers

Her er eit vink til deg som stundar
til sprudlande festar
til ei tid utan testar
til å gi mormor ein klem

Refreng

Bru

For ein dag du vaknar, er verda igjen vår
og du har venta og vore så flink
Ein dag kan du gøyme bort alt du no får
Ein song og eit ord og eit vink
Den tida vil kome

Refreng